

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kvås

Emne: Dei 2 kloke"

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Stuestøl

Gard:

(adresse): Austhei, Kvinesdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

I Kvås har ein ikkje hatt nokon av dei kloke menn eller koner som det er forteljingar om frå alle kantar av landet. Sjuklingane frå Kvås laut reisa til dei som budde i andre bygder.

Av slike "kloke" kan nemnast: Torjus i Lia, Hægebostad, Hans Kaddan, Laudal (?), Valborg Valand, Holum, som er namnkjende over heile Sørlandet og vidare med. Det er forteljingar om at dei gjorde mange friske att, men noko serleg om korleis dei gjorde det og kva sjukdom det galdt, kjenner eg ikkje til.

Truleg levde dei først i førre hundreåret, men noka nøyare tidfesting kan eg ikkje gi. Truleg kan medarbeidarane i nemnde herad gi opplysning om det.

Som De ser nyttar det ikkje å senda utførlegare spørjelite til meg. Eg gjer difor merksam på dette no.